



DET KONGELEGE
FINANSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 75

(2001–2002)

Om lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

*Tilråding frå Finansdepartementet av 7. mai 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

0 Innleiing

Finansdepartementet gjer framlegg til lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga mv.

I proposisjonen inngår:

1. Forslag om endringer i reglane om arveavgift for sambuarar
2. Forslag om opphevelse av reglane om oppskrivingsfond for oljeselskapa
3. Forslag om endring i meirverdiavgiftslova for tenester som gjeld opplysningar om rutegående persontransport
4. Forslag om endring av spritlova mv.
5. Forslag om retting av lovtekst i skattelova og dekningslova

1 Fritak frå arveavgift for visse sambuarar

1.1 Innleiing

Sidan 1836 har ektefellar vore fritekne frå plikta til å svare avgift ved gåve eller arv seg imellom. Regelen om avgiftsfritak for ektefellar var opphavleg teken inn i det årlege avgiftsvedtaket. I gjeldande arveavgiftslov 19. juni 1964 nr. 14 vart fritaket lovfest.

Ekteskapet var tidlegare den heilt dominerande samlivsform. I dei seinare år har og sambuarskap vorte vanleg. Statistisk sentralbyrå har gjennomført

ei undersøking for å få sambuarar meir innpassa i statistikken. Rapporten 2001/40 opplyser at det i 1999 var om lag 91 500 sambuarpar, definert som par med minst eitt felles barn som var registrert buset saman med paret. Same året var 37,6 prosent av alle nyfødde barn fødte av mor som levde i sambuarskap. I intervjuundersøkingar reknar om lag 250 000 par sjølve at dei lever i sambuarskap.

Departementet gjer med dette framlegg om at sambuarar som fell inn under definisjonen i folketrygdlova § 1–5, skal likestillast med ektefellar med omsyn til avgift av arv og gåve.

1.2 Gjeldande rett

Hovudregelen er at avgift skal svarast av all arv. For gåver er avgiftsplikta ikkje generell, men er positivt avgrensa i arveavgiftslova § 2. I hovudsak er det avgiftsplikt ved gåver til legal- og testamentsarvingar og deira nærstående. Arv og gåve til ektefelle, under dette til registrert partner, har fritak. Satsstrukturen for avgifta gjer elles at dei første 200 000 kroner frå ein arvatar eller givar til ein avgiftspliktig mottakar, ikkje fører til at avgift blir ilagt.

Avgiftsfritaket for ektefellar og registrerte partnarar, jf. arveavgiftslova § 4 fjerde ledd, gjeld i dag ikkje for sambuarar. Arv og gåve til sambuar er avgiftspliktige etter den høgste avgiftsklassa. Men når det ikkje ligg føre testament, er gåver mellom sambuarar avgiftsfrie.

Attlevande sambuar har ikkje arverett og heller ikkje rett til å sitja i uskifte med buet etter avdød sambuar. Ved arveoppgjeret beheld attlevande sambuar det ho eller han eig, medan verdiane etter avdøde vert delt på arvingane. Sambuarar kan opprette testament til føremon for kvarandre. Etterlet den døde sambuaren seg livsarvingar, blir denne testamentretten redusert av deira pliktdel, som er to tredeler av eiga til arvlataren, men avgrensa til 1 000 000 kroner for kvart barn. Etter reglane i hushandsfelleskapslova kan attlevande sambuar når særlege grunnar talar for det, få rett til å overta felles bustad og innbu som heilt eller delvis tilhørde den avlidne. Utgangspunktet er at det da skal betalast marknadsverdi.

1.3 Utreiingar

Finansdepartementet oppnemnde 27. mai 1998 eit utval for gjennomgang av arveavgiftslova. I utvalet sitt mandat, som i utgangspunktet var svært omfattande, vart det bede om ei vurdering av avgiftsreglane for den gruppa av sambuarar som trygderettsleg er likestilte med ektefellar og partnarar i registrert partnarsskap.

I si innstilling, NOU 2000:8, gjer arveavgiftsutvalet framlegg om at alle sambuarar som fell inn under folketrygdlova § 1–5, bør likestillast med ektefellar.

Arveavgiftsutvalet meiner at ei likestilling av sambuarar og ektefellar med omsyn til regelen om avgiftsfritak, bør ha som konsekvens at sambuarar og ektefellar blir likestilte med omsyn til dei andre reglane om arveavgift. Om ein legg til grunn at ei gåve til slektningar av ektefellen til givaren eller til ektefellen til slektningar av givaren skal medføre plikt til å svara avgift, er det liten grunn til at det same ikkje skal gjelda for sambuarar når det elles er likestilling. Desse reglane er det gjort nærare greie for under avsnitt 1.6.4. Utvalet gjer framlegg om at det i arveavgiftslova blir fastsett ein generell regel om at det som etter lova gjeld for ektefellar, også gjeld for sambuarar som er omfatta av folketrygdlova § 1–5. Dette gjeld personar som tidlegare har vore gifte med kvarandre, eller som har eller har hatt felles barn.

I NOU 1999:25 s. 160 gjer fleirtalet framlegg om at sambuarar som har levd saman i minst to år før den første av dei gjekk bort, eller har felles barn, får fritak for avgift på arv og gåve på lik line med ektefellar. Fleirtalet i dette utvalet meiner vidare at sambuar bør ha rett til å sitja i uskifte med felles bustad og innbu. Denne retten bør gjelde for sambuarar med felles barn og for sambuarar som har levd saman i minst fem år. Mindretalet meinte at spørsmå-

let burde takast opp etter at arveavgiftsutvalet hadde levert si innstilling. Barne- og familiedepartementet arbeider no med denne utvalsutreiinga, med sikte på ei stortingsmelding.

Arveavgiftsutvalet har ikkje drøfta om sambuarutvalet sitt omgrep bør brukast også i arveavgiftsretten, men seier at det kan vera grunn til å ta opp spørsmålet om sambuaromgrepet i arveavgiftslova bør utformast på same måten dersom forslaget frå sambuarutvalet blir lov. Barne- og familiedepartementet skal etter planen leggje fram familiemeldinga ved årsskiftet, og tek sikte på å omtale spørsmålet her.

1.4 Høyring

NOU 2000:8 vart send på høyring 26. juni 2000. Tre av høyringsinstansane har uttalt seg om forslaget om arveavgiftsfritak for sambuarar.

Skattebetalerforeningen uttalte:

«Mandateret begrenser kretsen til etterlatt samboer som «i trygdemessig henseende likestilles med ektefelle». Utvalget tolker mandatet slik at en her sikter til de samboere som faller inn under folketrygdloven § 1–5, ikke bare de som er meldepliktige etter folketrygdloven § 25–4.

Skattebetalerforeningen er enig i at disse samboere likestilles med ektefeller, men er av den oppfatning at det ikke er grunn til å skille mellom samboere hvor en eller begge har ytelses fra folketrygden og andre samboere. Vi er derfor enige med samboerutvalgets flertall som i NOU 1999:25 gikk inn for at samboere som har levd sammen i minst to år før førstavede (avgikk ved døden), gis fritak for arveavgift og gaveavgift på linje med ektefeller. De samme hensyn gjør seg gjeldende for samboere, som har levd sammen gjennom flere år, som for ektefeller.»

Både det permanente lovutvalet for skatterett og det permanente lovutvalet for familierett, arverett og skifte i Den Norske Advokatforening har uttalt seg om spørsmålet om sambuarar si stilling når det gjeld arveavgift.

Lovutvalet for familierett, arv og skifte uttalte:

«Når det gjelder samboeres arveavgiftsmessig stilling, har Arveavgiftslovutvalget foreslått at alle samboere som faller inn under folketrygdloven § 1–5 skal likestilles med ektefeller. Men Arveavgiftslovutvalget har under henvisning til sitt mandat ikke drøftet om Samboerutvalgets (NOU 1999:25) samboerbegrep også bør anvendes i arveavgiftsretten.

Lovutvalget har i tilknytning til Samboerutvalgets utredning tidligere gitt uttrykk for at man ikke kan støtte Samboerutvalgets forslag

om å gi samboere fritak for arveavgift på like linje med ektefeller, jfr. Advokatforeningens brev av 23.12.1999 til Barne- og familiedepartementet.

Lovutvalget har derfor vurdert spørsmålet på ny. Et mindretall i lovutvalget (Lång og Fosmark) er enig i Arveavgiftslovutvalgets forslag og begrunnelse om å likestille samboere som faller inn under folketrygdloven § 1–5 med ektefeller. Samboere som trygdemessig likestilles med ektefeller, bør likestilles også arveavgiftsmessig. Lovutvalgets flertall (Holte, Musæus og Vogt) ønsker at dagens regler blir videreført. Dersom man ønsker å fastholde at det på arverettens område er forskjell på ekteskap og samboerforhold, og at det ikke skal være legalarverett for samboere, finner disse medlemmer det mest konsistent å fastholde prinsippet om arveavgift også for gruppene med felles barn, og de som har vært gift før.»

Lovutvalet for skatterett uttalte:

«Zimmerutvalget går inn for at avgiftsfritaket for gjenlevende ektefelle beholdes. Man går videre inn for at alle samboere som faller inn under folketrygdloven § 1–5 bør likestilles med ektefeller, ikke bare når det gjelder avgiftsplikt, men også i andre tilfeller der ekteskap er relevant ved fastsettelsen av arveavgift. Videre gås det inn for å beholde ordningen med ekstra fradrag i arveavgiften for mindreårige arvinger.

Advokatforeningen slutter seg til Zimmerutvalget når det gjelder disse punktene».

1.5 Framand rett

Den vanlege regelen internasjonalt er at det ikkje gjeld noko unntak for arv og gåve til sambuar. Det same gjeld også for ektefellar, men desse har i fleire land høgare fradrag i avgiftsgrunnlaget enn andre.

I Danmark er ektefellen fritaken for avgift, men sambuar betaler avgift etter lågaste sats. Den lågaste satsen gjeld likevel alle som har hatt felles bustad med den avlidne i dei to siste åra før dødsfallet.

I Sverige, der det ikkje er noko spesielt fritak for sambuarar og ektefellar, får begge kategoriar eit høgare botnfradrag enn andre arvingar.

I Finland er utgangspunktet at sambuar betaler avgift i klasse III, dvs. den strengaste klassen. Sambuar som blir likestilt med ektefelle ved skattlegging av inntekt, svarar likevel avgift i klasse I som for ektefellar. Dette gjeld personar som har felles barn eller som tidlegare har vore gifte med kvarandre.

Storbritannia og Spania har ingen særreglar for sambuarar. USA har heller ingen særreglar for

sambuarar i dei føderale reglane. Arv og gåve til ektefelle er normalt avgiftsfri i Storbritannia og USA. I Spania blir det gitt fradrag i avgiftsgrunnlaget.

1.6 Vurdering og forslag frå departementet

1.6.1 Generelt om fritaket

Dei omsyn som ligg til grunn for at ektefellar etter norsk rett er fritekne frå arveavgift, går fram av forarbeida til arveavgiftslova av 1964. I Ot.prp. nr. 48 (1962–63) uttalte departementet:

«Med den formuesordning som gjelder mellom ektefeller finner departementet det lite hensiktsmessig å innføre avgiftsplikt for arv som tilfaller arvelateres ektefelle eller gave mellom ektefeller. Uansett om det er felleseie eller særreie vil det bero svært meget på tilfældigheter hvem som har bidratt mest til boets størrelse når ektefellene har hatt en felles økonomi i praksis gjennom mange år. Avgiftsplikt i denne relasjon vil sikkert føre til så mange ordninger mellom ektefellene at det vil bli nærmest umulig å få avgiftsplikten til å ramme noenlunde etter forutsetningene.»

Komiteen slutta seg til departementet sitt syn.

Av di sambuarar ikkje har felleseie, vil noko av argumentasjonen ovanfor om ektefellar vera mindre relevant. Argumentet om at arv og gåve ofte ikkje fører med seg nokon reell auke i skatteevna, gjeld likevel også for mange sambuarar, jf. sambuarutvalet si opplysning om at om lag 75 prosent av sambuarane har heilt eller delvis felles økonomi. Omsynet til sambuarane sine felles barn talar også for fritak for arveavgift. I fall arveavgifta fører til at den tidlegare felles bustaden må seljast, vil dette kunne føre til at barna vert rivne opp frå sitt vante miljø.

Gåver mellom sambuarar er avgiftspliktige berre dersom givar har oppretta testament til føremon for sambuaren. Dette vil kunne motverke at sambuarar opprettar testament, noko som regelmessig vil styrke den økonomiske situasjonen til gjenlevande sambuar og eventuelle barn.

Ei eventuell utviding av den lovmessige arveretten og retten til å sitja i uskifte, vil måtte skje gjennom ei endring av arvelova, jf. sambuarutvalet sitt forslag. Dette er endringar som særleg vil kunne styrke og sikre ei tryggare økonomisk stilling for dei etterlatne sambuarane og deira barn.

Ein avgiftspliktig arvtakar under 21 år som tek i mot arv etter sin forsørgjar, får fradrag i avgiftsgrunnlaget. Han kan trekkje frå eit fastsett beløp for kvart år som manglar på at han har fylt 21 år. I 2002 vart det årlege fradraget sett opp frå 25 000

kroner til 35 000 kroner. Regjeringa meiner det er viktig å skjerme barn som får arv etter forsørgjaren og gjer framlegg om å auka det årlege frådraget til 50 000 kroner.

Framlegget får og verknad for barn som har gifte foreldre eller om forsørgjaren er einsleg.

Regjeringa gjer framlegg om at endringa skal gjelde for arv der råderetten er oppnådd 1. januar 2002 eller seinare. Dette krev endring i avgiftsvedtaket for 2002.

1.6.2 Val av sambuaromgrep

Det finst ikkje nokon eintydig definisjon av kven som kan seiast å vera sambuarar. Folketrygdlova § 1–5 slår fast at reglane for ektefellar i folketrygdlova også skal gjelde for to ugifte personar som lever saman når paret a) har eller har hatt felles barn, eller b) tidlegare har vore gifte med kvarandre.

Skattelova likestiller også visse sambuarar med ektefellar. Dette gjeld sambuarar med særskild meldeplikt etter folketrygdlova § 25–4. I tillegg til sambuarar som nemnt i folketrygdlova § 1–5, gjeld dette sambuarpar som har budd saman i 12 av dei siste 18 månadene når dei får pensjon, overgangsstønad frå folketrygda eller avtalefesta pensjon.

Departementet er samd med arveavgiftsutvalet, som meiner at sambuarar etter folketrygdlova § 1–5 bør likestillast med ektefellar. Dette reiser ikkje store administrative problem eller bevisproblem. Avgiftsfritaket vil truleg ha mest å seie for gjenlevande sambuar som sit att med felles barn etter dødsfallet, og slikt fritak er oppnådd med ei endring som vert avgrensa etter forslaget.

Departementet ser at det kan vera grunn til å vurdere ei likestilling også for visse andre grupper av sambuarar. Men dette vil krevje utreining og truleg ny høyring. Det vidare arbeidet må og sjåast i samanheng med eventuelle endringar som skjer for sambuarar i arve- og familieretten, jf. den planlagde oppfølginga av sambuarutvalet. For barn av sambuarar vil det i første rekkje vera skifteregane som avgjer når arven fell og arveavgifta dermed vert utløyst.

1.6.3 Nærare om definisjon av sambuaromgrepet i folketrygdlova § 1–5

I folketrygdlova § 1–5 tredje ledd er sambuarar definerte som to ugifte personar som lever saman og som anten har eller har hatt felles barn (under dette felles adoptivbarn) eller som tidlegare har vore gifte med kvarandre. Det er gitt nærare reglar i fjerde ledd om kva som ligg i kravet til at dei skal leva saman. Bur partane i ulike deler av same hus, vert

dei likevel rekna å leva saman. Men har huset meir enn fire sjølvstendige bueiningar, kan det gjerast unntak frå dette dersom dei bur i kvar si klårt separate bueining. Når to personar som har barn saman bur i kvar sin del av tomannsbustad, vert dei såleis rekna som sambuarar. Om dei til vanleg bur saman, fører ikkje mellombels separat bustad, til dømes på grunn av utdanning eller militærtjeneste, til endring. Ved varig brot blir sambuarskapet rekna som avslutta frå den dagen sambuarane flytter frå kvarandre. Testament mellom sambuarar vil ofte vera slik utforma at arveretten fell bort ved varig brot mellom dei. I så fall oppstår ikkje avgiftsspørsmål etter slikt brot.

Departementet gjer framlegg om at det i ein ny paragraf 47A blir teken inn ein uttrykkeleg definisjon av omgrepet sambuar. Det vil lette lesinga av lovteksten fordi ein utan fare for mistydingar da kan bruke uttrykka «ektefellar» og «sambuarar» i den lovteksten der dette er relevant.

1.6.4 Andre endringar i arveavgiftslova som konsekvens av fritak for arveavgift

Når sambuarar som kjem inn under folketrygdlova § 1–5 blir likestilte med ektefellar med omsyn til avgiftsfritak, meiner departementet at også dei reglane som fører med seg plikter for ektefellar, bør gjelde sambuarar. Avgiftsplikta for gåver er i hovudsak innskrenka til å gjelde gåver til arvingar og deira nærstående, fordi eit viktig formål med avgiftsplikt på visse gåver er å hindre omgåing av plikta til å svare avgift av regulær arv. Det er denne avgrensinga som er lagt til grunn for arveavgiftslova, jf. Ot. prp. 48 (1962–63) s. 6 og Innst. O. nr.XV (1963–64) s. 2. Når gåve til slektningar av ektefelle til givar eller til ektefellar til slektningar av givar kjem inn under avgiftsplikta, er det liten grunn til at ikkje tilsvarende skal gjelde for sambuar når sambuarar og ektefellar elles blir likestilte. Dei same reglane som har vore sett som naudsynte for å hindre omgåing av plikta til å svare arveavgift, bør også gjelde sambuarar og deira slektningar.

Etter § 2 bokstav a kjem gåve til næraste arving til ektefellen til givar etter lova inn under plikta til å svare arveavgift. I dag kjem ikkje gåve til sambuar sitt særkullsbarn inn under avgiftsplikta, med mindre sambuar eller særkullsbarnet er nemnd i testamentet til givaren. Etter forslaget blir regelen utvida til å gjelda gåve til sambuar sin næraste arving etter lova. Gåve til foreldre og svigerforeldre vil vere avgiftspliktig om givar eller ektefelle ikkje sjølve har livsarvingar. Avgiftsplikta er foreslått utvida til å gjelde gåve til foreldre til sambuar.

Etter § 2 første ledd bokstav c vil gåve til livsar-

ving etter ektefellen sin næraste arving vera avgiftspliktig. Det blir såleis avgiftsplikt om ektefellen gir gåve til barnebarn av ektefellen (barn av særkullsbarn). Ved endring av § 2 bokstav a vil dette etter bokstav c også gjelde livsarving etter næraste arving til sambuar.

Etter § 2 første ledd bokstav d er det avgiftsplikt for gåve til ektefellen til nokon som fell inn under bokstav a til c. Etter forslaget blir bokstav d utvida til å gjelde gåve til sambuar til nokon som fell inn under a til c. Ved utvidinga vil også gåve gitt sambuar til barn og eventuelle barnebarn bli avgiftspliktig. Avgiftsplikta vil også gjelde for gåve til sambuar av ein som er nemnd i testamentet til givaren. Regelen vil også hindre omgåing ved at ei gåve bli gitt avgiftsfritt til ektefelle eller sambuar til ein person som sjølv er avgiftspliktig.

Etter § 2 første ledd bokstav e er det avgiftsplikt for gåve til mellom anna eit selskap der nokon som fell inn under a til d er aksjonær. Ved endring av bokstav a og d vil bokstav e også omfatte sambuarar.

Etter § 2 andre ledd andre punktum er det avgiftsplikt for gåve om mottakar eller ektefellen til denne er tilgodesett i testamentet til givaren og gåva blei gitt mindre enn fem år før dødsfallet. Krinsen av avgiftspliktige blir her foreslått utvida til å gjelde sambuarar.

I § 2 fjerde ledd blir det presisert at det er uten relevans for dei reglane som her er omtalt om ekteskapet er oppløyst ved død. Det blir gjort framlegg om at dette også skal gjelda for sambuarar.

§ 5 fjerde ledd fastset at ein inntektsnyttar skal reknast som eigar av den kapitalen som er avsett til inntektsgrunnlag i fall kapitalen skal tilfalle nokon av hans eller ektefellen sine slektningar i rett nedstigande line, eller ektefelle til slik slektning. Etter forslaget skal dette gjelde også for sambuarar.

§ 7 femte ledd regulerer kven arven skal reknast å kome frå om ektefellar har oppretta felles siste viljeerklæring (typisk gjensidig testament). Om det etter tolkinga av testamentet er usikkert kven arven kjem frå, skal den reknast å kome frå begge med ein halvpart frå kvar. Arv som fell på nokon som berre blir omfatta av den eine ektefellen sine arvegangsklasser etter arvelova, vert rekna heilt å kome frå denne.

§ 8 andre ledd første punktum fastset at når nokon døyr før han har skaffa seg råderetten over middel som han elles ville ha avgiftsplikt av, skal den som midelen går til reknast å ha fått arven direkte frå den opphavlege givar eller arvlatar. I andre punktum er det gjort eit unntak frå denne regelen.

Om midelen fell på ektefellen til den døde, skal avgifta reknast som om den døde fekk råderetten sjølv. Fritaket for ektefellar vil da gjelda. Denne regelen blir såleis utvida til å gjelda sambuarar.

I § 14 fjerde ledd siste punktum er det ein særregel om at ektefellar med omsyn til reglane i fjerde ledd (om gunstig verdsetjing i høve av åsetesrett) skal reknast som ein arvlatar. Denne regelen tilrår ein også skal gjelde sambuarar.

Etter § 28 første ledd skal attlevande ektefelle gi opplysningar om avgiftspliktig middel og om alle omstende av relevans for avgiftsplikta. Etter forslaget skal regelen utvidast til å gjelde sambuarar.

1.6.5 Verknad for provenyet

Frå Statistisk sentralbyrå er det opplyst at det i 1999 var 129 dødsfall blant sambuarar med felles heimebuande barn. I tillegg kjem dødsfall blant sambuarar som ikkje har heimebuande barn og sambuarar utan felles barn som tidlegare har vore gifte med kvarandre. På svært usikkert grunnlag er det grunn til å tru at færre enn 500 sambuarar årleg vil bli omfatta av den nye regelen om avgiftsfritak. Provenyverknaden av å fjerne avgiftsplikta for desse sambuarane er derfor truleg liten. Avgiftsauke på grunn av innføring av avgift på gåver til slektningar av sambuaren blir venteleg svært låg.

1.6.6 Ikraftsetjing

Departementet gjer framlegg om at *fritaket* for arveavgift for sambuarar, jf. I nedanfor, vert sett i kraft med verknad for arv og gåve der råderetten er vunnen 1. januar 2002 eller seinare, jf. §§ 9 og 10. Dermed blir verknadstidspunktet og utgangspunktet for det årlege arveavgiftsvedtaket det same. Fastsetjing av arveavgift ved dødsfall har eit visst etterslep, da fristen for innsending av arvemelding er 6 månader etter dødsfallet. Dette kan grunnje ein viss verknad bakover i høve til lovvedtaket. Lengre tilbakeverknad ville derimot auke faren for at det ikkje blir lik handsaming av like tilfelle, og ville kunne føre til gjenopptaking av eit ikkje oversiktleg tal avslutta saker, med meirarbeid for skattefutar og skifterettar. Lengre tilbakeverknad ville også verka tilfeldig for alle som heller ikkje da ville bli omfatta av avgiftsfritaket.

Når det gjelde den nye *avgiftsplikta*, foreslår departementet at regelen blir sett i kraft med verknad for råderett som skjer frå det tidspunkt lovendringa er sett i kraft. Med dette blir det ikkje tilbakeverknad av dei *skjerpande* sidene ved lovforslaget.

2 Oppheving av skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum

Reglane om korreksjonsinntekt i skattelova § 10–5 gjer at eit aksjeselskap må inntektsføre ei korreksjonsinntekt når selskapet har delt ut kapital som ikkje er skattlagt eller har gjort avsetjing til slik utdeling. Reglane skal hindre at det vert delt ut utbytte med rett til godtgjering for aksjonærane, utan at inntekta som ligg til grunn for utdelinga er skattlagt på selskapet si hand. Korreksjonsinntekta fører berre til ei framskunding av skattlegginga til tidspunktet for utdelinga, fordi inntekta blir reversert som frådrag i inntekt for seinare år.

Etter skattelova § 10–5 sjuande ledd første punktum er selskap som er særskattepliktige etter petroleumsskattelova § 5 ikkje omfatta av reglane om korreksjonsinntekt i skattelova § 10–5 første til sjette ledd. Av Ot.prp. nr. 82 (1993–94) side 14–15 går det fram at grunnen til at særskattepliktige selskap vart unnatekne frå reglane om korreksjonsinntekt var praktiske problem, særleg knytte til reglane om særskatt og friinntekt.

For særskattepliktige selskap vart det i staden fastsett ein særregel om at dersom eit slikt selskap nyttar eit rekneskapsmessig oppskrivningsbeløp eller oppskrivningsfond til fondsemisjon, skal selskapet inntektsføre beløpet i det året omdisponeringa vert gjort, jf. tidligare selskapsskattelova § 1–6 nr. 7. Grunngevinga for denne regelen var tilsvarande at selskapet ellers kunne dele ut oppskrivningsbeløpet til aksjonærane ved etterfølgjande nedskrivning av aksjekapitalen, utan at inntekta som låg til grunn for utdelinga var skattlagt på selskapet si hand (men likevel med rett til godtgjering for aksjonærane). Den same regelen gjaldt opprinneleg generelt for alle selskap etter skattereforma 1992. For selskap som ikkje er særskattepliktige, vart den så avløyst av ordninga med korreksjonsinntekt, jf. ovanfor.

Da ny rekneskapslov vart innført med verknad frå 1. januar 1999, blei det gjort ei endring i selskapsskattelova § 1–6 nr. 7. Etter den nye rekneskapslova er det ikkje lenger høve til oppskrivning med verknad for rekneskapslova. I rekneskapslova § 9–3 andre ledd er det fastsett at for rekneskapspliktige som hadde oppskrivningsfond ved ikrafttreding av lova, skal oppskrivningsfondet reknast som overkursfond. Ordninga med overkursfond vart innført ved den nye aksjelova og allmennaksjelova 13. juni 1997, jf. § 3–2 i begge lovene.

For å vidareføre nemnde særregel for dei særskattepliktige selskapa, vart det gjort ei teknisk tilpassing i selskapsskattelova § 1–6 nr. 7. Regelen vart endra til at særskattepliktige selskap, som nyt-

tar «den delen av overkursfondet som kommer fra oppskrivningsfond» til fondsemisjon, må inntektsføre beløpet i det året omdisponeringa vert gjort. Regelen er no å finne i skattelova 1999 § 10–5 sjuande ledd andre punktum.

Aksjelova og allmennaksjelova § 3–2 andre ledd regulerer kva for formål overkursfondet kan nyttast til. Det går fram at overkursfondet, i tillegg til fondsemisjon, mellom anna kan nyttast til «andre formål, når selskapet går fram etter reglene om nedsetjing av aksjekapitalen». Eit særskattepliktig selskap med overkursfond som delvis skriv seg frå oppskrivningsfondet, kan etter aksjelova og allmennaksjelova § 3–2 andre ledd dermed betale ut beløp frå overkursfondet direkte til aksjonærane utan å gå vegen om fondsemisjon. Alternativt kan selskapet konvertere overkursfondet til fri eigenkapital, for deretter å dele ut denne frie eigenkapitalen til aksjonærane. Dersom selskapet nyttar denne framgangsmåten, vil det ikkje bli utløyst skatteplikt etter ordlyden i skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum. I utgangspunktet er det ingen grunn til at slik direkte utbetaling av beløp frå det tidligare oppskrivningsfondet til aksjonærane skal bli handsama annleis enn utbetaling av tilsvarande beløp via fondsemisjon.

Departementet har derfor vurdert om ordlyden i skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum bør utvidast, slik at skatteplikt etter denne regelen blir utløyst også når det tidligare oppskrivningsfondet vert nytta til andre formål enn fondsemisjon, jf. aksjelova og allmennaksjelova § 3–2 andre ledd. Det ville i så fall innebære at regelen vart vidareført i tråd med det som var intensjonen. Departementet er i staden kome til at regelen bør bli oppheva.

Ein viser for det første til at det ikkje lenger er høve til oppskrivning etter rekneskapslova. Spørsmålet gjeld derfor eit overgangsproblem. Berre eit fåtal særskattepliktige selskap har pr. i dag overkursfond som skriv seg frå tidligare oppskrivningsfond.

Slik regelen i skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum er utforma, kan den dessutan føre til dobbelt skattlegging. Om den skulle vidareførast, måtte det derfor vurderast nærare korleis regelen skulle utformast for å unngå dobbelt skattlegging. Ei slik vurdering vil vere teknisk komplisert. Mellom anna kan visast til at praktiske problem var ei viktig årsak til at særskattepliktige selskap ikkje vart omfatta av reglane om korreksjonsinntekt.

Eit særskattepliktig selskap som blir skattlagt endeleg med 78 prosent dersom tidligare oppskrivningsfond blir delt ut til aksjonærane, vil truleg i staden velje å behalde fondet i balansen i rekneskapslova. Verknaden av at gjeldande ordning vert stram-

ma inn og vidareført, blir i så fall ein innlåsningssefekt på kapitalen. For særskattepliktige selskap gjeld i dag ein regel i petroleumsskattelova § 3 h om skattemessig krav til eigenkapital. Bakgrunnen for regelen er å gje incentiv til at særskattepliktige selskap har ein minstekapital i Noreg for skatteformål. Petroleumsskattelova § 3 h vil eit stykke på veg ivareta omsyna bak skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum. Så lenge storleiken av det tidlegare oppskrivningsfondet ligg innanfor den kapitalen eit særskattepliktig selskap i alle høve ville ha hatt i verksemda i Noreg i medhald av petroleumsskattelova § 3 h, vil ei oppheving av skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum få mindre verknad. Som nemnt gjeld problemstillinga også eit svært lågt antall selskap.

Etter ei samla vurdering gjer departementet framlegg om at regelen blir oppheva. Departementet legg til grunn at framlegget ikkje vil ha særlege administrative verknader eller verknader for provenyet, samanlikna med dei reglane som gjeld no. Det visast til framlegg til oppheving av skattelova § 10–5 sjuande ledd andre punktum.

3 Forslag om endring i meirverdiavgiftslova for tenester som gjeld opplysningar om rutegåande persontransport

Frå 1. juli 2001 vart det innført generell meirverdiavgiftsplikt på omsetning av tenester. Det inneber at alle tenester er omfatta av avgiftsplikta, med mindre dei er uttrykkeleg unnatekne. Det er gjort unntak for persontransport og formidling av persontransport, sjå meirverdiavgiftslova § 5 b første ledd nr. 9 og 10. Det er ikkje gjort unntak frå den generelle merverdiavgiftsplikta når det gjeld omsetning av opplysnings- og informasjonstenester. Omsetning av tenester som går ut på å gje opplysningar om rutegåande persontransport er derfor avgiftspliktig etter gjeldande rett.

Informasjon om rutetilbod og opplysningar om avreise- og ankomsttidspunkt er avgjerande for et godt, effektivt og lett tilgjengeleg tilbod om kollektivtransport. Departementet meiner derfor at det er nær samanheng mellom persontransport, formidling av persontransport og tenester som går ut på å gje opplysningar om rutegåande persontransport. Ein rettsstilstand kor desse tenestene vert behandla ulikt i forhold til meirverdiavgifta, kan føre til uheldige avgiftsmessige tilpassingar og påverke nøytraliteten i regelverket mellom desse aktørane.

Finansdepartementet legg derfor fram forslag om at omsetning av tenester som gjeld opplysningar om rutegåande persontransport, vert unnateken frå den generelle meirverdiavgiftsplikta.

Med rutegåande persontransport meines persontransport med til dømes buss, jernbane, skip og fly. Transporten reknast som rutegåande når han går mellom visse stader eller på visse strekningar til regelmessige tider. Det inneber at omsetning av tenester som går ut på å gje informasjon om kva slags tilbod om rutegåande persontransport som finnes og opplysningar om avreise- og ankomsttidspunkt, vil være unnateken frå meirverdiavgiftsplikt. Lovendringa vil mellom anna føre til at den landsdekkande ruteopplysningstenesten 177 ikkje lengre er meirverdiavgiftspliktig.

Opplysningar om ikkje-rutegåande persontransport, til dømes chartertrafikk og drosjetrafikk, vil ikkje være omfatta av unntaket. Drosjetrafikk kan likevel være omfatta, men berre om han reknast som rutegåande.

Forslaget inneber at tenester som går ut på å gje opplysningar om rutegåande persontransport fell utanfor avgiftsområdet. Verksemdar som sel desse tenestene skal derfor ikkje berekne meirverdiavgift av omsetninga og er ikkje registreringspliktig i meirverdiavgiftsmanntallet. Motstykket er at dei heller ikkje får trekke ifrå inngåande avgift ved kjøp av varer og tenester til bruk i verksemda.

Forslaget har vore sendt på høyring. Høyringsinstansane var gjennomgåande positive til framlegget. Høyringsinstansane er med få unntak også einige i departementet sitt framlegg til avgrensing av unntaket.

Norges taxiforbund og *Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund* ønskjer at unntaket også skal omfatte persontransport som ikkje går i rute. Departementet har av omsyn til avgrensing av unntaket ikkje funne grunnlag for å gjere ei slik utviding.

Provenyverknaden av å gjere unntak for ruteopplysningstenester utgjer om lag 10 millionar kroner på årsbasis.

Det visast til framlegg til ny nr. 16 i meirverdiavgiftslova § 5 b første ledd. Departementet foreslår at endringa trer i kraft 1. juli 2002.

4 Forslag om endringar i spritlova mv.

4.1 Oppheving av Nemnda for teknisk sprit

Omsetning og denaturering av sprit til teknisk og vitskapeleg bruk er regulert i lov 4. juni 1954 nr. 2 om sprit, brennevin, vin og isopropanol til teknisk

og vitenskapelig bruk (spritlova). For å kjøpe sprit som er omfatta av denne lova, må ein ha tillating frå Finansdepartementet, jf. spritlova § 3 første ledd. Denne fullmakta er delegert til Nemnda for teknisk sprit, jf. § 3 tredje ledd.

Nemnda for teknisk sprit blei oppnemnt i 1954, etter at spritlova blei vedteken. Nemnda skal i følge sitt mandat gje tillating til kjøp og gje avgiftsfri-tak for sprit til teknisk og vitskapeleg bruk etter spritlova. Nemnda skal vidare fungere som sakkun-nig råd for departementet i spørsmål knytt til sprit-lova. Rammene for verksemda til Nemnda følgjer av spritlova og tilhørande forskrift 25. februar 1955 nr. 1 om omsetning og denaturering av sprit, bren-nevin, vin og isopropanol til teknisk og vitenskape-lig bruk (spritforskrifta).

I forarbeida til lova blei det forutsett at Nemnda skulle ha representantar frå Finansdepartementet, Vinmonopolet samt forbrukarinteresser. Særleg i dei første ti åra etter at Nemnda ble oppnemnt, blei det sett på som viktig at den hadde ei samansetjing som sikra kontinuitet, og som hindra at det skulle oppstå ulike oppfatningar av dei prinsipielle ret-ningslinjene for arbeidet til Nemnda. Etter kvart har Nemnda fått klare retningslinjer å arbeide ut frå, og Finansdepartementet er difor ikkje lenger representert i Nemnda. Dei som er medlemmar i Nemnda i dag er stort sett personar med sitt dagle-ge verke i toll- og avgiftsetaten.

Toll- og avgiftsetaten har i dag den kompetan-sen som er nødvendig for det arbeidet som Nemn-da utfører. Vidare blei spritkontrollen administra-tivt lagt til toll- og avgiftsetaten frå 2001, og departe-mentet meiner at det er betre at forvaltninga av spritregelverket høyrer under eit forvaltningsor-gan. Ei overføring av dei oppgåva som Nemnda ut-fører til toll- og avgiftsetaten vil gjere at saker om teknisk sprit vil bli behandla i tråd med andre saker som ligg under etaten, og dermed følgje dei saks-handsamingsreglar som gjeld for forvaltninga elles.

På denne bakgrunn sendte Finansdepartemen-tet eit forslag om å overføre oppgåvene som Nemn-da har utført til toll- og avgiftsetaten og avvikle Nemnda for teknisk sprit på høyring. Ingen av høyringsinstansane har hatt merknader til forslaget om avvikling av Nemnda.

Spritlova § 3 tredje ledd gjev Finansdeparte-mentet fullmakt til å delegere oppgåvene som nemnt i § 3 første ledd til Nemnda. Denne «kan-full-makta» tilseier at Nemnda kan bli avvikla utan en-dring av § 3 tredje ledd. Departementet er likevel av den oppfatning at ei oppheving av spritlova § 3 tredje ledd gjer eit ryddigare regelverk.

Overføring av oppgåvene frå Nemnda til toll- og avgiftsetaten vil medføre ei auking av driftsbudsjet-

tet til toll- og avgiftsetaten med i alt 50 000 kroner årleg. Dette er om lag den bevilling som Nemnda til no har motteke.

Departementet viser elles til at vi vil sjå nærma-re på heile området teknisk sprit, med sikte på å sende eit forslag på høyring i 2002.

4.2 Endring av spritlova § 6

I samband med høyringa av forslaget om avvikling av Nemnda for teknisk sprit, påpeikte ein av høyr-ingsinstansane at spritlova § 6 første ledd ikkje er i samsvar med den faktiske rettstilstand. Grunnen til dette er at regelen gjer uttrykk for at spritkontrol-lørane kan bli utpeika av Vinmonopolet dersom de-partementet gjev fullmakt til det. I dag har ikkje Vinmonopolet lenger noko med dette å gjere, og re-gelen er derfor misvisande. Departementet foreslår derfor å endre spritlova § 6 første ledd andre set-ning i samsvar med gjeldande rettstilstand.

4.3 Forslag om oppheving av lov om skjenking på bevertningssteder av alkoholholdige drikkevarer

Lov 24. juni 1931 nr. 22 om avgift av skjenking på bevertningssteder av alkoholholdige drikkevarer regulerer eventuell avgift til statskassen på skjen-king på bevertningsstader av øl med over 2,5 vo-lumprosent alkohol. Lova er ikkje i bruk i dag, og har ikkje vore det dei siste åra. Departementet viser til at lov 19. mai 1933 nr. 11 om særavgifter gjer til-strekkeleg heimel til å vedta avgifter til statskassen. Vidare viser vi til at det kommunale bevillingsgeby-ret har heimel i alkohollova. Det er difor ikkje be-hov for ein eigen lov om avgift på skjenking av alko-holholdige drikkevarer på bevertningsstader.

Forslaget har vore sendt på høyring. Ingen av høyringsinstansane hadde innvendingar mot forsla-get. Departementet foreslår derfor å oppheve lova.

5 Retting av lovtekst

5.1 Rettingar i skattelova og dekningslova

5.1.1 Retting i skattelova § 6–80

Ved lov 15. desember 2000 nr. 95 blei det vedteken endringar i skattelova § 6–80 om særfrådrag for forsørging. Føremålet med endringa var å lovregulere kva for personar skattytar kan krevje særfrådrag for forsørging for. Utgangspunktet var at ein fram-leis skulle kunne krevje frådrag for forsørging av personar som tilhøyrer skattytaren sin husstand,

men at ein skulle stramme inn overfor personar som skattytaren ikkje bur saman med. På bakgrunn av dette foreslo departementet at særfrådrag for forsørging når den forsørgde ikkje bur saman med skattytar, skulle avgrensast til å gjelde ektefelle, barn og foreldre. Grunngevinga var at familiemedlemmer ut over denne krinsen ikkje har same nære tilknytning til skattytaren, og at det difor ikkje er like naturleg at skattytaren gis frådrag for forsørging av dei.

Etter fast likningspraksis har det ikkje blitt gitt særfrådrag for forsørging av ektefelle. Grunnen er at det blir teken omsyn til forsørginga ved at skattytaren blir likna i klasse 2 når han forsørgjer ektefellen. Dette gjeld uansett om ektefellen er busett i Noreg eller ikkje. Fordi det blir teken omsyn til forsørginga ved skattlegginga, er det ikkje urimeleg å nekte særfrådrag i tillegg. Skattelova § 6–80 skal sikre ein viss forsørgjarkompensasjon når forsørgjaren ikkje nyt godt av andre kompenserande tiltak for forsørginga, slik som barnetrygd og likning i klasse 2. Departementet foreslår difor at ein endrar ordlyden i skattelova § 6–80, slik at det framgår av lova at det ikkje er høve til å krevje særfrådrag for forsørging av ektefelle. Departementet presiserer at lovendringa ikkje inneber nokon innskjerping, men berre er ein kodifikasjon av likningspraksis for særfrådrag for forsørging.

Ved lovendringa av 15. desember 2000 nr. 95 blei det og sett ei grense på kor mange personar det kan krevjast frådrag for. Denne grensa blei sett til fire personar. Ved lovendringa blei denne avgrensinga teken inn i tredje ledd i lovføresegna, i samanheng med storleiken på frådraget. For å få ein betre samanheng i lovføresegna, foreslår ein at denne grensa på fire personar i staden blir innarbeidd i første ledd. Dette forslaget inneber ingen materiell endring.

Departementet viser til forslag til endring i skattelova § 6–80. Departementet gjer framlegg om at endringa vert sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2002.

5.1.2 Retting i skattelova § 10-5

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) § 10–5 andre ledd første setning heiter det:

«Inntektsføring skal foretas når selskapets egenkapital i henhold til balansen i årsoppgjøret er lavere enn summen av innbetalt aksjekapital, herunder overkurs, tilbakeføringsfond samt en beregnet egenkapitalandel av netto positive midlertidige forskjeller mellom de verdiene som fremkommer i balansen i årsoppgjøret, og

selskapets skattemessige verdier.»

Føresegna er ei vidareføring av lov 20. juli 1991 nr. 65 om særregler for beskatning av selskap og selskapsdeltakere (selskapskatteloven) § 1–6 andre ledd første setning, og gjeld reglane for korreksjonsinntekt. Visinga til *tilbakeføringsfond* rettar seg mot det tilsvarande uttrykk i den tidlegare aksjelovgevinga.

I aksjelova av 1976 § 12–3A heit det:

«Aksjeselskap som

- a) pr. 1. januar 1991 har oppskrevet varelager eller varekontrakt etter overgangsreglene i lov av 20. juli 1991 nr. 54 til skatteloven § 50 annet ledd,
- b) pr. 1. januar 1992 har tilbakeført negativ saldo etter overgangsreglene i lov av 20. juli 1991 nr. 54 til skatteloven § 44 A – negativ saldo nr. 1 første eller annet ledd som delvis skattefri, eller
- c) pr. 1. januar 1992 har konsolideringsfond etter lov av 1. juni 1984 nr. 38 plikter å avsette de skattefrie beløpene til et tilbakeføringsfond.

Tilbakeføringsfondet kan overføres til selskapets frie egenkapital med inntil en femtedel årlig fra og med 1991. Tilbakeføringsfondet kan også brukes til dekning av tap som ikke kan dekkes av fri egenkapital.»

Føresegna i aksjelova av 1976 § 12–3A blei teken inn i lova ved endringslov 24. januar 1992 nr. 9, og hadde samanheng med skattereforma av 1992. Føresegna hadde som føremål å hindre at opphevinga av einskilde skattemessige avsetningsordninger skulle auke selskapa sine utbyttegrunnlag, og var meint som ei overgangsføresegn. I henhold til aksjelova av 1976 § 11–6 skulle tilbakeføringsfondet først opp som ein del av den bundne eigenkapital i selskapet si balanse, men slik at ein femtedel årleg kunne overførast til fri eigenkapital. Tilbakeføringsfondet var dermed meint å skulle avviklast over nokre år, og det reknast med at fondet i dag berre er av historisk interesse. Tilbakeføringsfondet er heller ikkje vidareført i dei nye aksjelovane av 1997.

I lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap mv. (regnskapsloven) § 9–3 tredje ledd er det gitt ei uttrykkeleg overgangsføresegn for tilbakeføringsfond. I føresegna heiter det:

«For regnskapspliktige som har tilbakeføringsfond ved lovens ikrafttredelse, anses tilbakeføringsfondet som annen egenkapital.»

Tilbakeføringsfondet har med dette berre historisk interesse. Eventuelle gjenverande middel frå fondet må likestillast med anna fri eigenkapital i sel-

skapet. Det er dermed ikkje lenger grunnlag for å oppretthalde visinga til tilbakeføringsfondet i no-gjeldande lovtekst. Departementet gjer difor framlegg om at visinga til fondet blir fjerna.

Departementet gjer samstundes framlegg om ei redaksjonell endring i § 10–5 andre ledd første punktum, nemleg fjerning av eit komma. Departementet tykkjer at samanhangen i føresegna blir betre ved å fjerne kommaet. Endringa inneber ikkje nokon endring i realitetane i føresegna.

Det visast til forslag til endring i skattelova § 10–5. Departementet gjer framlegg om at endringa vert sett i kraft med verknad frå og med inntektsåret 2002.

5.1.3 Rettingar i skattelova §§ 10–11 andre ledd tredje punktum og 10–34 andre ledd andre punktum, samt dekningslova § 9–4 første ledd nummer 5 og andre ledd andre punktum

Ved lov 21. desember 2001 nr. 113 vart det vedteke ny § 16–40 i skattelova. Den tidlegare lovregelen i § 16–40 vart samstundes ny § 16–50. Ved ein inkurie vart det ikkje i proposisjonen gjort framlegg om å endre tilvisingar til den opphavlege § 16–40 i skattelova §§ 10–11 andre ledd tredje punktum og 10–34 andre ledd andre punktum, samt i dekningsloven § 9–4 første ledd nummer 5 og andre ledd andre punktum.

Departementet gjer no framlegg om å rette opp dei nemnde tilvisingane.

5.1.4 Retting i skattelova § 11–21

Overføring av egedelar mellom selskap i same konsern er rekna som realisasjon og gjev grunnlag for skattlegging av gevinstar, jf. skattelova § 10–31 første ledd. I skattelova § 11–21 er det fastsett reglar som opnar for at slike overføringar likevel kan gjennomførast skattefritt. Mellom anna har depar-

tementet fått fullmakt til å treffe vedtak i enkeltsaker.

Reglane i skattelova § 11–21 har opphav i lov av 9. juni 1961 nr. 16, denne lova er no oppheva. Reglane vart flytta til skattelova i samband med den tekniske revisjonen av skattelovgivinga i 1999. I 61-lova avsnitt I § 2 første ledd tredje punktum var fastsett at departementet kunne setja vilkår for eit samtykke. I praksis er det ikkje gjeve samtykke utan at det samstundes er fastsett tenelege vilkår.

I samband med revisjonen av skattelova og den omskrivinga av reglane i 61-lova som vart gjort da, kom innhaldet av avsnitt I § 2 første ledd tredje punktum ikkje med. Generelt gjeld at når eit forvaltningsorgan treff vedtak til føremon for ein skattytar, kan det setjast vilkår som har sakleg samanhang med vedtaket og ikkje verker urimeleg tyn-gande. Det har likevel vore reist spørsmål om bort-fallet av den utrykkelege heimelen inneber ei endring i realiteten. Departementet gjer derfor framlegg om at dette vert retta opp, slik at departementet sin heimel til å setje vilkår for lempning klart kjem til uttrykk i lovteksten. Dette inneber inga kursendring i praksis. Departementet viser til forslag til endringar i skattelova § 11–21 tredje ledd nytt andre punktum. Departementet rår til at endringa vert sett i kraft straks.

Finansdepartementet

t i l r å r :

- At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om
- lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga
 - lov om endringar i lov 4. juni 1954 nr. 2 om sprit, brennevin og isopropanol til teknisk og vitenskapelig bruk (spritloven)
 - lov om endringar i lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshaverens dekningsrett (dekningsloven)

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til

- lov om lov om endringar i skatte- og avgiftslovgivinga
 - lov om endringar i lov 4. juni 1954 nr. 2 om sprit, brennevin og isopropanol til teknisk og vitenskapelig bruk m.v
 - lov om endring i lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshaverens dekningsrett (dekningsloven)
- i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivinga

I

Lov 24. juni 1931 nr. 22 om avgift av skjenking på bevertningssteder av alkoholholdige drikkevarer opphevast.

II

I lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gåver (arveavgiftsloven) vert desse endringane gjort:

§ 4 fjerde ledd skal lyde:

Midler som noen mottar som arv eller gave fra sin ektefelle *eller samboer* er fritatt for avgiftsplikt.

§ 5 fjerde ledd første punktum skal lyde:

En inntektsnyter blir å anse som eier av kapital som er avsatt til inntektsnytelsen hvis kapitalen skal tilfalle noen av hans eller hans ektefelles eller *samboers* slektninger i rett nedstigende linje eller slik slektnings ektefelle *eller samboer*, eller hvis inntektsnyteren kan rå over kapitalen ved testament.

§ 7 femte ledd skal lyde:

Uten hensyn til bestemmelsen i de foregående ledd gjelder: Har ektefeller *eller samboere* opprettet en siste felles viljeserklæring og det er uvisst fra hvilken av ektefellene *eller samboerne* et arvebeløp kommer, ansees beløpet ved avgiftsfastsettelsen å komme med en halvpart fra hver av ektefellene *eller samboerne*. Arvebeløp som tilfaller noen som er så nær beslektet med den ene av ektefellene *eller samboerne* at han omfattes av arvelovens arvegangsklasser, ansees i sin helhet å komme fra denne ektefelle *eller samboer*. Hvis den ene ektefelles *eller samboers* lodd overskrides av arvebeløp som etter de to foregående punktum skal anses å komme fra ham, blir det overskytende – i tilfelle med en forholdsmessig del av flere arvebeløp – å anse som arv fra den andre ektefellen *eller samboer*.

§ 8 annet ledd andre punktum skal lyde:

Tilfaller midlene den avdødes ektefelle *eller samboer* som arv eller boslodd, blir dog avgift å beregne som om den avdøde selv hadde ervervet rådigheten over dem.

§ 14 fjerde ledd siste punktum skal lyde:

Ektefeller *eller samboere* ansees i denne henseende som én arvelater, selv om ekteskapet eller *samboerskapet* er opphørt ved døden.

§ 28 første ledd skal lyde:

Gjenlevende ektefelle *eller samboer* plikter, også uten å være loddeier eller arving i boet, på forlangende av avgiftsmyndigheten å gi alle opplysninger som nevnt i § 25, sjette ledd.

Ny § 47 A skal lyde:

Definisjon

Som samboere regnes i denne lov personer som omfattes av bestemmelsen i folketrygdloven § 1–5.

III

I lov 19. juni 1964 nr. 14 om avgift på arv og visse gåver (arveavgiftsloven) vert desse endringane gjort:

§ 2 første ledd bokstav a skal lyde:

- a) Noen som på den tid gaven ytes er giverens eller hans ektefelles *eller hans samboers* nærmeste arving etter loven eller fosterbarn,

Bokstav d skal lyde:

- d) Ektefelle *eller samboer* til noen som er nevnt under a), b) eller c), eller som ville stått i slikt forhold til giveren dersom han hadde vært i live.

§ 2 andre ledd andre punktum skal lyde:

Er mottakeren eller hans ektefelle *eller samboer* tenkt i giverens testament ved dødsfallet, gjelder det samme for gave som ikke var ytet senest 5 år før giverens død.

§ 2 fjerde ledd skal lyde:

Det er uten betydning for bestemmelsen foran om ekteskapet eller *samboerskapet* som omfattes av folketrygdloven § 1–5 er opphørt ved dødsfall.

IV

I lov 19. juni 1969 nr. 66 om meirverdiavgift vert det gjort følgjande endring:

§ 5 b første ledd ny nr. 16 skal lyde:

Tjenester som gjelder opplysninger om rutegående persontransport.

V

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) vert gjort følgjande endringar:

§ 10–5 sjuande ledd andre punktum vert oppheva.

§ 10–11 andre ledd tredje punktum skal lyde:

Det gjelder heller ikke for utbetalt refusjon etter § 16–50.

§ 10–34 andre ledd andre punktum skal lyde:

Endringen settes til årets skattepliktige inntekt, fratrukket avsatt utbytte, utlignet skatt på selskapets alminnelige inntekt etter fradrag av godtgjørelse etter § 10–12, refusjon etter § 16–50, utlignet skatt på grunnrenteinntekt etter § 18–3 og utlignet skatt etter petroleumsskatteloven § 5.

§ 11-21 tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i konkrete saker samtykke i overføring av eiendeler i virksomhet mellom selskaper som omfattes av første ledd a. *Det kan settes vilkår for samtykket etter denne bestemmelsen.*

VI

I lov 26. mars 1999 nr. 14 om skatt av formue og inntekt (skatteloven) gjerast følgjande endringar:

§ 6–80 første ledd skal lyde:

Skattyter som *forsørger barn* som det ikke kan kreves barnetrygd eller forsørgerfradrag for, forel-

dre eller personer som tilhører samme husstand som skattyter, gis et særfradrag i alminnelig inntekt når det vil være urimelig å la forsørgelsen være uten virkning ved skattlegging av forsørgeren. Et barn regnes ikke som forsørget dersom barnet, uten behovsprøving mot foreldreinntekt, har rett til lån i Statens lånekasse for utdanning for en større del av året. *Særfradrag gis for forsørgelse av inntil fire personer.*

§ 6–80 tredje ledd første punktum skal lyde:

Særfradraget skal være 5 000 kroner for hver forsørget *person*.

§ 10–5 andre ledd første punktum skal lyde:

Inntektsføring skal foretas når selskapets egenkapital i henhold til balansen i årsoppgjøret er lavere enn summen av innbetalt aksjekapital, herunder overkurs, og en beregnet egenkapitalandel av netto positive midlertidige forskjeller mellom de verdiene som fremkommer i balansen i *årsoppgjøret* og selskapets skattemessige verdier.

VII

Endringane under I og IV vert sett i kraft frå 1. juli 2002.

Endringane under II vert sett i kraft straks med verknad for arv og gåve der råderetten blir oppnådd 1. januar 2002 eller seinare.

Endringane under III vert sett i kraft straks med verknad for arv og gåve der råderetten blir oppnådd etter at lova er sett i kraft.

Endringane under V vert sett i kraft straks.

Endringane under VI vert sett i kraft straks med verknad frå og med inntektsåret 2002.

Forslag

til lov om endring i lov 4. juni 1954 nr. 2 om sprit, brennevin og isopropanol til teknisk og vitenskapelig bruk m.v

I

I lov 4. juni 1954 nr. 2 om sprit, brennevin, vin og isopropanol til teknisk og vitenskapelig m.v. bruk gjerast følgjande endringar:

§ 3 tredje ledd opphevast.

§ 6 første ledd skal lyde:

Departementet fører tilsyn med overholdelse av denne lov og kan i dette øyemed anta stedlige kontrollører. Spritkontrollører antatt av *departementet*

har adgang til når som helst å foreta kontroll hos forhandler og forbruker av sprit og hos forbrukere av brennevin, vin og isopropanol til teknisk og vitenskapelig bruk for å påse at de fastsatte bestemmelser følges. Kontrolløren kan uten vederlag ta prøver på inntil 1/4 liter av sprit, brennevin, vin og isopropanol eller av varer som inneholder sprit, brennevin, vin eller isopropanol.

II

Endringane tek til å gjelde frå 1. juli 2002.

Forslag

til lov om endring av lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshaverens dekningsrett (dekningsloven)

I lov 8. juni 1984 nr. 59 om fordringshavernes dekningsrett (Dekningsloven) vert det gjort følgjande endringar:

I

§ 9–4 første ledd nummer 5 skal lyde:

fordring på refusjon etter skatteloven § 16–50.

§ 9–4 andre ledd andre punktum skal lyde:
Fordring på refusjon etter skatteloven § 16–50 regnes i denne sammenheng som forfalt ved utligningen av den skatt som gir grunnlag for kravet.

II

Endringane vert sett i kraft straks.

Om lov om endringer i skatte- og avgiftslovgivninga mv.